

Informasjon om kartleggingsprøver

2011

Til foreldre som har barn på 1., 2. og 3. trinn



Hva er kartleggingsprøver, og hvorfor har vi kartleggingsprøver?

Formålet med kartleggingsprøver er å avdekke behovet for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skolenivå. Kartleggingsprøver skal brukes for å finne ut hvem som trenger ekstra oppfølging i begynneropplæringen, og de er et hjelpemiddel for skolen og lærerne i vurderingen underveis i opplæringen.

Prøvene i leseferdighet og i tallforståelse og regneferdighet er ikke prøver i fagene norsk og matematikk, men i lesing og regning som grunnleggende ferdigheter på tvers av fagene.

I læreplanverket for Kunnskapsløftet er de grunnleggende ferdighetene definert som å kunne:

- uttrykke seg muntlig
- uttrykke seg skriftlig
- lese
- regne
- bruke digitale verktøy

Hva slags oppgaver skal elevene løse?

Prøvene er laget på grunnlag av læreplanene. Eksempler på oppgaver kan være å regne med pluss og minus, og å kjenne igjen bokstaver eller lese og forstå ord. Noen elever vil klare alle

oppgavene, mens andre vil oppleve at noen av oppgavene er vanskeligere.

Hvem skal ta kartleggingsprøver?

Alle elever skal ta kartleggingsprøver. Elever som er borte fra skolen på prøvedagen, skal få tilbud om å ta prøven senere.

Obligatoriske kartleggingsprøver

Elever på 1., 2. og 3. trinn skal gjennomføre obligatoriske kartleggingsprøver i:

- tallforståelse og regneferdighet (2. trinn)
- leseferdighet (1., 2. og 3. trinn)

Frivillige kartleggingsprøver

I tillegg til de obligatoriske kartleggingsprøvene tilbyr Utdanningsdirektoratet to frivillige kartleggingsprøver. Det er skolen eller skoleeier som avgjør om de vil gjennomføre disse prøvene. Dersom skolen eller skoleeier har valgt å gjennomføre frivillige kartleggingsprøver, skal alle elevene på det aktuelle trinnet ha prøven.

Det er tilbud om frivillige kartleggingsprøver i:

- tallforståelse og regneferdighet (1. og 3. trinn)

Hvem får tilgang til resultatene?

Resultatene fra kartleggingsprøvene skal ikke rapporteres til Utdanningsdirektoratet, men først og fremst brukes internt på skolene for å tilrettelegge undervisningen slik at elevene kan lære mer. Eleven og foreldre skal få tilbakemelding om prøveresultatene etter gjennomføringen av prøvene.

Skolen kan kontaktes dersom det er spørsmål om kartleggingsprøvene.

Mer informasjon

Mer informasjon om kartleggingsprøvene finnes på www.udir.no/kartleggingsprøver

Læreplanverket for Kunnskapsløftet finnes på www.udir.no/grep

Oversikt over kartleggingsprøver våren 2011

Obligatoriske prøver

Årstrinn	Prøve	Tidspunkt
1. trinn	Leseferdighet	Uke 17–19 (26. april–13. mai)
2. trinn	Leseferdighet	Uke 17–19 (26. april–13. mai)
2. trinn	Tallforståelse og regneferdighet	Uke 13–15 (28. mars–15. april)
3. trinn	Leseferdighet	Uke 17–19 (26. april–13. mai)

Frivillige prøver

Årstrinn	Prøve	Tidspunkt
1. trinn	Tallforståelse og regneferdighet	Uke 13–19 (28. mars–13. mai)
3. trinn	Tallforståelse og regneferdighet	Uke 13–19 (28. mars–13. mai)



Kva er kartleggingsprøver, og kvifor har vi kartleggingsprøver?

Føremålet med kartleggingsprøver er å avdekkje behovet for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skolenivå. Kartleggingsprøver skal brukast for å finne ut kven som treng ekstra oppfølging i begynnaropplæringa, og dei er eit hjelpemiddel for skolen og lærarane i vurderinga undervegs i opplæringa.

Prøvene i leseferdigheit og i talforståing og rekneferdigheit er ikkje prøver i faga norsk og matematikk, men i lesing og rekning som grunnleggjande ferdigheiter på tvers av faga.

I læreplanverket for Kunnskapsløftet er dei grunnleggjande ferdigheitene definerte som å kunne:

- uttrykkje seg munnleg
- uttrykkje seg skriftleg
- lese
- rekne
- bruke digitale verktøy



Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Prøvene er laga på grunnlag av læreplanane. Døme på oppgåver kan vere å rekne med pluss og minus, og å kjenne att bokstavar eller lese og forstå ord. Nokre elevar vil klare alle oppgåvene, mens andre vil oppleve at nokre av oppgåvene er vanskelege.

Kven skal ta kartleggingsprøver?

Alle elevane skal ta kartleggingsprøver. Elevar som er borte frå skolen på prøvedagen, skal få tilbod om å ta prøva seinare.

Obligatoriske kartleggingsprøver

Elevar på 1., 2. og 3. steget skal gjennomføre obligatoriske kartleggingsprøver i:

- talforståing og rekneferdigheit (2. steget)
- leseferdigheit (1., 2. og 3. steget)

Frivillige kartleggingsprøver

I tillegg til dei obligatoriske kartleggingsprøvene tilbyr Utdanningsdirektoratet to frivillige kartleggingsprøver. Det er skolen eller skoleeigaren som avgjer om dei vil gjennomføre desse prøvene. Dersom skolen eller skoleei-

garen har valt å gjennomføre frivillige kartleggingsprøver, skal alle elevane på det aktuelle steget ha prøva.

Det er tilbod om frivillige kartleggingsprøver i:

- talforståing og rekneferdigheit (1. og 3. steget)

Kven får tilgang til resultatata?

Resultata frå kartleggingsprøvene skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet, men først og fremst brukast internt på skolane for å leggje til rette undervisninga slik at elevane kan lære meir. Eleven og foreldra skal få tilbakemelding om prøveresultatata etter at prøvene er gjennomførte.

Skolen kan kontaktast dersom det er spørsmål om kartleggingsprøvene.

Meir informasjon

Meir informasjon om kartleggingsprøvene finst på www.udir.no/kartleggingsprøver

Læreplanverket for Kunnskapsløftet finst på www.udir.no/grep

Oversikt over kartleggingsprøver våren 2011

Obligatoriske prøver

Steg	Prøve	Tidspunkt
1. steget	Leseferdigheit	Veke 17–19 (26. april–13. mai)
2. steget	Leseferdigheit	Veke 17–19 (26. april–13. mai)
2. steget	Talforståing og rekneferdigheit	Veke 13–15 (28. mars–15. april)
3. steget	Leseferdigheit	Veke 17–19 (26. april–13. mai)

Frivillige prøver

Steg	Prøve	Tidspunkt
1. steget	Talforståing og rekneferdigheit	Veke 13–19 (28. mars–13. mai)
3. steget	Talforståing og rekneferdigheit	Veke 13–19 (28. mars–13. mai)

Schweigaards gate 15 B
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no

Utgitt februar 2011